Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1

Emnenr. 9 Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Randesund

Emne: Lauving Bygdelag: Strømme kreds.

Oppskr. av: Gunv. Strømme Gard: Strømsnes.

(adresse): Randesund G.nr. 62 Br.nr. 4. no 1 og 4 var eit bruk til 1906

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): f 1886 Strømme, bonde.

SVAR

A

1 Det lauves svert lite no.

Truleg er grunnen at ein hev ikkje tid til lauving. Det vanlege var å lauve etter slåtten. På grunn av mykje anna arbeid, t. d. spiling av hagebær, grasing og tynning i rotfruktåkeren er der ikkje tid til lauving no.

Ein og annan småbrukar lauver enno når det høver. Og då er det helst tynning i ung eikeskog som er godt og vel mannshøg.

2 Ettersom dei hadde tid. Den tid dei flekka eikebork, hende det at dei lauva eikelauv før slåtten. Dette var å hakke lau, ein brukte kornsigd, helst av dei sterke gamle.

3 Dei tunnsmidde sigder som kom i bruk kring 1900 tolde lite. Det var alltid sigd til eikelauv.

4 Ask vart kjylde. Her stend enno nokre kjyllingstuer i bygda. Ute ved sjøkanten var det meir i bruk at dei hadde kjyllingstuer i jordkanten. Kapt. Johnsen hadde eit bruk på Sodefjed. Han fortalde at han hadde hogge 12 tylfter askestuer el. kjyllingstuer eit år.

2435

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2435

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2435

4. Har hört at det var en „herlighed" med slike kjyllingstre. I den tid var det meir ibrük å lauve lind. Lindeskrylane vert sjeldnare no. Dei vert hogde ner, eller rotner ner.

5. Lauvet ble töcket om dagen, når kvelden kom måtte det vere ihüs. Hakkelauet hadde de for det meste i sekker, kjervelauet ble lagt like i höitrommet. Hadde de et lass til middag kjörtes det inn på låven og ble ~~lagt~~ satt langs veggene op på höiet, lauet måtte ikkje få dogg på seg. då blei de svart.

Lauvstakker har ikkje vore ibrük her.

Lauvhesjer ~~er~~ og ükjend her. Dei tok lauet heim til kvar dag om det var lang veg.

6. I ei dagbok fra 1870 åra er nemd at svoger til eigaren av dette brük „kom selv fjerde, roende for å laue." Det var omkr. 1 mil å ro.

Der det ikkje var hest måtte dei ha sekkerne eller kjervane i byretau, på ryggen med det.

Byra var vel for det meste „ei vegt" (32 kg)

7 ja. Karane hogger ner, og kvisker. kvinner og born bryder eller hakker kvisten i passelie lengder å legger de i små hauer, å binner etter = hvert me björkekvist eller svier.

8 Sjå 5. Både hest å kü, skülle ha sin laukjervungdyra likeso.

9 Osp og raün. Lindelaü ga maver melk. Eigelaü ga feid melk för St. Hans. Etter den tid var de om = trent som ant laü.

10 Har ikkje hört eller sett de. 14 Kjylling av björk ükjent.

11 – 15. Ukjent her no. I 1655 var der ütskiftn. av skogen i endel av Strömsnes. „bleff skouffen Fredt = liust, ey at skal rakes, röis eller Noget derudi åvirkes förend den bliver skifted lodet dennem imellem". Fär den tid var der antagelig felleslauing. Der var enkelte som tok dailaü våren 1940, kün tok det. Ellers veit ein ikkje det er brügt i mands minne.

2435

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING